



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2323

Vår dato  
01.10.2013  
Dykkar dato  
07.06.2013

Vår referanse  
2013/7852 561  
Dykkar referanse  
09/2954

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### Fråsegn til bygging av Ripelselva kraftverk

---

**Fylkesmannen rår ifrå bygging av Ripelselva kraftverk då det vil føre til tap av inngrepfri natur. Vi legg til grunn at NVE vil gjere ei samla vurdering av utbyggingsomfanget langs Åkrafjorden, og spesielt vektleggje nasjonale og regionale verdiar i fjellområdet mellom Etne og Sauda.**

---

#### Innleiing og bakgrunn

Vi viser til konsesjonssøknad for bygging av Ripelselva kraftverk på sørsida av Åkrafjorden i Etne. Saka er på høyring parallelt med Miljateig Skålnes kraftverk, då dei ligg få kilometer frå kvarande.

Fylkesmannen har fått utsett høyringsfrist til 1. oktober.

I søknaden er det lista opp nærliggjande kraftverk langs fjorden, både ferdig utbygde og omsøkte, i alt 11 kraftverk. I tillegg kjem søknader om bygging av Håfoss og Rullestad-Skromme i seks ulike alternativ aust for Fjæra.

Fylkesmannen har tidlegare fremja motsegn mot bygging av Hettleflåt kraftverk og dei fire alternativ i Rullestad-Skromme- utbygginga som påverkar nasjonale og regionale verdiar i fjellområdet og det samanhengande naturområdet i Etne- og Saudafjella. Vi viser til våre fråsegner av 15. juni 2013, 2. mars 2013 (Hettleflåt) og 28. februar 2012 (Rullestad-Skromme).

#### Utbyggingsplanar

Planen omfattar overføring av vatn frå sidebekk på kote 675, ved bygging av ein kum med overlaup. Sjølve inntaksdammen i Ripelselva skal liggje på kote 550. Røyrgata vil vere 1000 m lang. Den skal gravast ned dei fyrste 60 m, deretter gå i borehol ned til kraftstasjon på kote 35. Det vil bli masseoverskot, som i følgje søkjar skal deponerast i eige deponi, utan at søknaden har vist til lokalitet.

For å byggje anlegget vil ein nytte eksisterande veg som er bygd i samband med Rafdal kraftverk som er ei konsesjonsfri utbygging. Ein vil forlenge denne vegen 1 km fram til inntaksområdet. Søknaden viser ikkje veganlegga på kart.

### **Konsekvensar for biologisk mangfald og INON**

Fylkesmannen meiner at biologisk mangfald er utgreidd tilstrekkeleg i søknaden og at § 8 i naturmangfaldlova er oppfylt. Inntaksdammen ligg i øvre del av registrert bekkekløft. Konsulentrapporten konkluderer med middels verdi på naturtypar, vegetasjon og artsmangfald, og at nokre artar kan bli negativt påverka av endringar i fuktregimet for lokaliteten etter utbygging. Det er ikkje funne direkte sjeldne artar knytt til Ripelselva. Konsekvensane er sett til *middels negativ*.

Utbygging av Ripelselva vil føre til tap av INON-område i alle soner, men mindre omfang enn for Miljateig Skålnes. Sone 2-område vert redusert med 2 km<sup>2</sup>, 1 km<sup>2</sup> i sone 1 vert klassifisert ned til sone 2, og 0,5 km<sup>2</sup> villmarksområde vert tapt/klassifisert ned til sone 1. Søkjer har vurderte konsekvensen å vere *liten negativ*.

### **Fylkesmannens vurdering**

Belastning på bekkekløfter og naturtyper tilseier at ein må vise varsemd med full utbygging av alle omsøkte vassdrag langs Åkrafjorden. Det er viktig å sjå heilskapleg på verknaden for biologisk mangfald.

Bygging av Ripelselva vil bidra til tap av inngrepsfri natur. Fylkesmannen meiner at alle omsøkte utbyggingar til saman vil føre til uakseptabelt store inngrep tap av INON, sett i lys av nasjonale og regionale mål for å ta vare på og hindre vidare oppsplitting av slike område. Vi viser til dei nasjonale retningsliner for små kraftverk, fastsett i Olje- og energidepartementet si rettleiar. Desse er utdjupa i *Fylkesdelplan for småkraftverk for Hordaland*, som nyleg er slutthandsama i Miljøverndepartementet. Som det går fram av departementet sitt brev skal dei nasjonale retningslinene vere førande for vedtak i dei konkrete utbyggingssakene.

Konfliktvurderingane som framgår av dei einsskilte søknader er gjort isolert for kvar utbygging. Konflikten er difor undervurdert, om ein ser på samla belastning på fjellområdet.

Fylkesmannen viser til motsegner knytt til dei andre utbyggingane i området. Vi legg til grunn at NVE gjer ei samla vurdering av naturverdiane langs Åkrafjorden og spesielt legg vekt på dei regionale og nasjonale verdiane i fjellområda mellom Etne og Sauda. På denne bakgrunn rår Fylkesmannen ifrå bygging av Ripelselva kraftverk.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.  
miljøvernsjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Etne kommune	Postboks 54	5591	ETNE
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Norsk Grønnkraft AS	P.B 5211 Majorstuen	0303	OSLO